



ULVIK HERAD
5730 ULVIK

Konsesjonsavdelinga NVE
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:
13/39-9/K2-S11/LPR

Direkte innval:
56527055

Stad/Dato:
18.02.2013

SÆRUTSKRIFT: Fråsegn til søknad om løyve til bygging av Vambheim kraftverk i Ulvik

Visar til høyring om Hardangeralliansen v/Kraftkarane sin søknad om løyve til bygging av Vambheim kraftverk i Ulvik kommune, Hordaland. Vedlagt ligg saksdokument med Ulvik herad sitt fråsegn til utbygginga.

Med venleg helsing

Lars Præstiin
skogbrukssjef og plankonsulent

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

Søknad om løyve til bygging av Vambheim Kraftverk i Ulvik kommune - Fråsegn til høyring

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvalssak
Heradsstyret	13.02.2013	003/13

Sakshandsamar Lars Præstiin	Arkiv: K2-S11	Arkivsaknr 13/39 - 8
---------------------------------------	----------------------	--------------------------------

Sakstilfang:

Nr	T	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	Noregs vassdrags- og energidirektorat	Hardangeralliansen v./ Kraftkarane - Søknad om løyve til bygging av Vambheim Kraftverk i Ulvik kommune, Hordaland- Høyring
2	I	Fylkesmannen i Hordaland	Oppnevning av settefylkesmann - Bygging av Vambheim Kraftverk
3	I	Statens vegvesen	Kopi:Hardangeralliansen v/Kraftkarane - Søknad om løyve til bygging av Vambheim kraftverk i Ulvik kommune - Vår uttale
4	I	administrasjons- og kirkedepartement Det kongelige fornyings-	Kopi: Settefylkesmannen - sak etter plan- og bygningsloven
7	I	Ulvik sportfiskarlag	Fisk i Vambheimselva
5	X	Lars Præstiin	Utløp til elv - notat frå KHE til JAR
6	X	Lars Præstiin	Vedk konsesjonssøknad for Vambheim kraftverk - notat frå PAM til JAR

Saksutgreiing:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) handsamar no konsesjonssøknad frå Hardangeralliansen v/Kraftkarane AS vedkommande Vambheim kraftverk i Ulvik. Saken er sendt på høyring med Ulvik herad som høyringspart. Frist for fråsegn er 21.02.2013.

Det søkast om slepp av minstevassføring lik alminneleg lågvassføring på 78 l/s heile året.

INNTAK +185

STASJON +20

KraftKarane AS

KONGESKONSKENAD VAMHEIM
Oversiktsplan

SWECO

SWECO Norge AS
Postboks 44, 3015 Bergen
Tlf: 30 07 50 00 Fax: 30 07 50 01

6311

03

NVE står fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Men innkomne høyringsfråsegner er viktige for NVE si vurdering.

Vurdering:

Ulvik herad er i utgangspunktet positiv til det meste som kan styrke nærings- og innteningsgrunnlaget i bygda. Rådmannen vurderar vidare at konsesjonssøknaden med tilhøyrande vedlegg gir ein ganske god beskriving av dei faktiske tilhøve i Vambheimselvi. Ein vil likevel kommenterar fylgjande:

Tilhøve til kommuneplan og andre offentlege planar

Omsøkte kraftverk i Vambheimselva med tilhøyrande elveinntak og røyrgate etc. ligg i sin heilskap til LNF-områdear i gjellande kommuneplan. Kommuneplanens arealdel er under revisjon, og framlegg til revidert utgåve ligg no ute på offentlig høyring. Det er ikkje foreslått endring av arealføremålet i det omsøkte tiltaksområdet.

Med konsesjon vert kraftstasjonen liggande att med regulert område for offentlege bygningar / kommunal teknisk anlegg "Vest for Tysso", dvs. Gjelet der Ulvik herad sin tekniske driftseining har tilhald og faste installasjonar. Jamfør driftsleiar for teknisk eining disponerar Ulvik herad per dags dato også delar av området der kraftstasjonen ynskjust oppført. Vidare er det ynskje/forslag om at ein ny brannstasjon i Ulvik også skal lokalisert til Gjelet, og heradet trenger nye areal til riggplass/anleggsområde og mellomlagring av massar. Tilkomsttilhøve til kraftstasjonen må avklarast før bygginga kan setjast i verk. Det er difor sannsynleg, at ein eventuell konsesjon vil medførar behov for revisjon av reguleringsplanen og inngåtte leigeavtaler for heile området rundt Gjelet.

Direktoratet for naturforvaltning utreddar mogelegheitene for etablering av ein ny genbank og klekkeri for sjøaure i Hardanger. Ein slik genbank/klekkeri stillar strenge krav til vassforsyning, og krev minst 3 uavhengige vasskjelder. Området mellom Tysso og Vambheimselva vert, etter det me veit, framleis vurdert.

Eigedomsforhold

Kraftstasjonen er tenkt lokalisert til gnr. 70, bnr. 3, som eigast av Nils Rune Vambheim. Nils Rune har underskrevet avtalen om Vambheimselva kraftverk AS med Indre Hardanger Kraftlag og KRAFTKARANE. Nabo til kraftstasjonen vert Gjelet gnr. 70 bnr. 3 fnr. 1, der Nils Rune Vambheim står som eigar og Ulvik herad er festetakar. Vestre del av tomta er framleigd til Ulvik Bensin og Service på 20 års kontrakt.

Avtalen mellom konsesjonssøkar og fallrettseigarane i Vambheimselva er for gnr. 65 bnr. 1 underteikna av Amund Undeland. Gardsbruk 65/1 skifta eigar i 2008, nye eigarar er Astrid og Svein Ivar Fylkesnes. Avtalen bør underskrivast av dei rettmessige eigarar før konsesjon innvilgast.

Vassforsyning og resipientinteresser

I området ved planlagd utløp finnes per i dag eit mindre privat vassverk. Drikkevassforskrifta stillar strenge krav til mellom anna drikkevasskvalitet, hygieniske barrierar og vassforsyningssystem som definert i forskriftas § 3. Tilsigsområde og vasskjelde er ein del av vassforsyningssystemet. Dersom tiltaket medførar redusert leveringstrykleik eller kvalitetsendringar elles, vil dette kunne utløyse krav om erstatning. Utbyggjar må dokumentere vasskvaliteten før, under og etter utbygning, og det må takast oppfølgjande vassprøve minst 1 år etter ferdigstilling av anlegget.

Ved rehabilitering/nybygning av anlegg for drikkevatt skal krava i Drikkevassforskriftas kapittel 1-3 gjerast gjellande. Godkjenningsmynde ligg til Mattilsynet. Vasskvaliteten er det avgjörande for godkjenninga. Andre forhold som vatning, frosttapping og brannvatn vert

tillagt mindre vekt ved kapasitetsfastsetjing og dimensjonering av nye anlegg. Ved rehabilitering av vassverket i Vambheimselvi, må ein da pårekne å måtte finne andre løysingar for vatning i jordbruket.

Ein realisering av Vambheim kraftverk kan også medfører krav om nedlegging av Vambheim vassverk og krav om at abonnentane koplar seg til det kommunale Ulvik Vassverk.

Kartgrunnlag og vegar

Kartgrunnlaget, som fylgjar søknaden, opplevast som litt mangelfullt/misvisande i høve til vegsituasjonen i området, det gjeld til dømes kart 5621-03. Kartet bør oppdaterast og klart skilje mellom kommunal vegar, skogsbilvegar og traktorvegar, -sleper og stiar etc. Vegar markert med raudt i det eksisterande kartet bør kallast traktorveg/sti. Ny kommunalveg frå Audnaland til Lindebrekke er heller ikkje med på kartet.

Elvesikring og førebygningar

Vambheimselva generelt og spesielt strekninga nedstrøms planlagd kraftstasjon/utslepp har elveførebygningar planlagde og delvis bygd av NVE. Ulvik herad har tilsynsansvar (og truleg også økonomisk ansvar i samband med skade). Heradet bør difor stille krav om fornying og oppgradering av eksisterande førebygningar i samband med ein kraftverksutbygging. Arbeidet må skje i tett samarbeid med NVE.

Jamfør driftsleiar for teknisk eining er det behov for plastringstiltak og terskeldemping på strekninga mellom omsøkt kraftstasjon og brua til FV 572. Overvatn bør tilbakeførast til det opphavlege avrenningssystem, og drenering rundt faste installasjonar må opparbeidast med avrenning til elv. Heradet bør stille krav til utbyggjar om plastring av elveløp og naudsynt drenering / handtering av overvatn.

Naturmangfald

Det omsøkte tiltaket vil redusere vassføringa gjennom område BN00000941 i DN's Naturbase. Registreringa gjeld ein viktig naturtypeforekomst av "bekkekløft og bergvegg" verdsett med verdikode B. Vegetasjonen består av Alm-lindeskog og rikt hasselkrat i nedredel, blåbærskog med bjørk og røsslyng-blokkbærfuruskog i øvre del. Rådgivende Biologer AS, som undersøkte området i 2010, vurderte i forarbeidet til verdsettinga forekomsten til verdi A/B, med vekt på A (nasjonalt viktig). Men grunna relativt ein beskjeden forekomst av raudlisteartar reduserte Fylkesmannen den gong verdsettinga til B (regionalt viktig). Rådgivende Biologer beskriver samtidig store deler av området som vanskeleg tilgjengeleg og kunn middels godt undersøkt. Dei meiner også at det er potensial for ytterligare funn av sjeldne og raudlista arter (spesielt mosar) i dei vanskelegast tilgjengelege delar av bekkekløfta. Naturtypen er svært sjeldan i Europa.

BA00002341 i Naturbasen er eit viktig vinterbeiteområde for hjort (verdikode B). Hjorten greiar seg stort sett bra i Ulvik, men fellingsresultatet for jaktseongen 2012 vart noko svakare enn for dei føregåande årane. Nedgangen kan ha samband med til dels stor linjebyggings aktivitet i skogen dette året. Kraftutbygging med nedlegging av rørgate langs Vambheimselva kan stressa hjorten ytterligare.

NNI-Rapport nr. 193 vedkommande biologisk mangfald i Vambheimselva, som fylgjar konsesjonssøknaden, fastslår at det ikkje er gjennomført undersøkingar av det zoologiske biomangfaldet i tiltaksområdet, verken i høve til akvatiske eller terrestriske arter. – Det er uheldig. Same rapport vurderar det som sannsynleg at strandsnipe, linerle og fossekal hekter i vassdraget. Nøttekråke er observert i området og ein har funne sporteikn etter kvitryggspett.

Anadrom fisk

NNI-Notat 48 av juli 2012 om Fisk og biologisk mangfald griper fatt i problemet med manglande undersøkingar i høve til fisk. Men notatet gir ikkje nokon klar konklusjon på naturleg avgrensing av anadrom strekning. – Også det er uheldig, og bør undersøkjast grundig før konsesjon gis.

Situasjonen for sjøaure og laks i Hardanger har vore svært kritisk gjennom fleire år. Men Ulvik sportsfiskarlag melder at sjøaurestamma i Ulvik no er på veg opp, sjølv om fangsstatistikken for Hordaland generelt peikar nedover. Dei små vassdraga er særskild viktige å ta vare på. Vambheimselva omtalast som eit typisk lite sjøaurevassdrag med godt produksjonspotensial.

Minstevassføring

Konsesjonssøknaden er basert på ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring med 78 l/s heile året. Ein 5 persentil vassføring vil til samanlikning minke strømproduksjonen med om lag 0,7 GWh i året, og reduserar innteningar med om lag 240.000 kr/år ved ein strømpris på 40 øre/kWh. Utredninga om biologisk mangfald (NNI-rapport 193) beskriver den biologiske effekten av den omsøkte minstevassføring som ganske usikker.

Framlegg til minstevassføring baserer seg tilsynelatande einsidig på økonomiske berekningar og standard satsar. Minstevassføringa bør baserast på miljøfaglege vurderingar (miljøbasert minstevassføring). Stor usikkerheit forbundet med dei miljømessige konsekvensar av redusert vassføring talar for bruk av såkalla adaptiv forvaltningspraksis med prøvereglement for utbygginga. Føre-var-prinsippet i Naturmangfaldlovas § 9 må også leggjast til grunn. Er ein usikker på konsekvensane, må vassføringa aukast.

Økosystemtilnærming

Naturmangfaldlovas § 10 krevjar at nye tiltak vurderast ut frå den samla belastning som økosystemet er eller vil bli utsett for. Ulvik herad er kjent med at det er søkt konsesjon / planer om konsesjonssøknad for utbygginga av fleire vassdrag i kommunen, det gjeld til dømes Tyssø, Gauro, Ljonesskrulen-Solsæ, Espelandselvi, Austdalen i Osa og Kvammaelvi. Utbygginga må vurderast i høve til samla belastning på det akvatiske økosystemet rundt heile Ulvik pollen og indre delar av Hardangerfjorden. Allereie utbygde vassdrag og nært føreståande konsesjonshandsamingar må takast med i vurderinga.

Avbøtande tiltak

NVE ynskjar forslag til avbøtande tiltak som kan reduserar dei negative konsekvensar av utbygginga. Naturmangfaldlovas § 11 (og § 12) tilseier at slike kostnader må bærast av utbyggjar. Elvesikring, førebyggingar og drenering samt drikkevassforsyning er allereie nemnt.

Det er viktig å sikre god rekruttering av fisk til både elv og fjord. Ulvik Sportsfiskarlag påpeikar, at det ved ein eventuell utbygging er svært viktig at graving/inngrep skjer på ein tid av året når det gjer minst skade på ungfisk og rognkorn, som ligg i elva. Sportsfiskarlaget foreslår vidare eit mini klekkeri som avbøtande tiltak for sjøaurabestanden. Utlegging av gytegrus i elva bør være ein naturleg del av sikringsarbeidet.

Rådmannen sitt framlegg :

Ulvik herad er i utgangspunktet positiv til konsesjonssøknaden for Vambheim kraftverk, med utnytting av fallhøgda mellom kote 185 og 20 i Vambheimselvi. Utbygginga vil ikkje få nemneverdig estetiske konsekvensar for landskapsbiletet i bygda.

Konsesjon vert tilrådd på fylgjande vilkår:

- 1) Ved konsesjon må det stillast krav til utbyggar om forskriftsmessig elvesikring, drenering og handtering av overvatn frå vassinntak til elvemunning i fjorden.
- 2) Ved bygging av Vambheim kraftverk må Ulvik herad stille strenge krav til drikkevasskvalitet for abonnentane til Vambheim vassverk jf. Drikkevassforskrifta. Heradet kan om naudsynt krevja vassverket nedlagd og at abonnentane koplar seg til det kommunale Ulvik Vassverk. Utbyggar må dokumentere vasskvaliteten før, under og etter utbygning, og det må takast oppfølgjande vassprøve minst 1 år etter ferdigstilling av anlegget.
- 3) Tilkomstveg til kraftstasjonen må innarbeidast i plan. Leigeavtaler, grunneigar forhold og reguleringsplanstatus for heile Gjelet bør evaluerast før utbygginga setjast i gang.
- 4) Kartgrunnlaget til søknaden må oppdaterst med klare skilje mellom kommunale vegar, skogsbilvegar og traktorvegar, -sleper og stiar etc.
- 5) Mellombels anleggsveg skal fjernast etter anleggsperioden. Kulturlandskapstrekk må i vare takast.
- 6) Søknadens eigarliste og beskriving av eigarforhold må oppdaterast i høve til nye eigarar på gnr. 65 bnr. 1.
- 7) Det er tvil om førekomsten av sjøaure over kote 20. Det er uheldig, og må avklarast før konsesjon vert innvilga. Anadrom strekning skal ikkje byggast ut.
- 8) Fauna generelt og flora i dei vanskelegast tilgjengelege parti bør undersøkjast betre før konsesjon gis.
- 9) Minstevassføringa bør baserast på miljøfaglege vurderingar (miljøbasert minstevassføring). Føre-var-prinsippet må leggjast til grunn.
- 10) Det bør stillast krav om avbøtande tiltak i høve til anadrom fisk i elva. Utlegging av gytegrus og etablering av eit mini klekkeri er aktuelle tiltak. Graving/inngrep i elva må skjer på ein tid av året når det gjer minst skade på ungfisk og rognkorn.
- 11) Utbygginga må vurderast i høve til samla belastning på det akvatiske økosystemet rundt heile Ulvik pollen og indre delar av Hardangerfjorden. Allereie utbygde vassdrag og nært føreståande konsesjonshandsamingar må takast med i vurderinga.
- 12) Utbygging i Vambheimselva skal ikkje reduserar mogelegheitene for lokalisering av ein genbank/klekkeri for anadrom fisk i området rundt Køylabukti.

13.02.2013 Heradsstyret

Ingrid Sponheim ba heradsstyret vurder gildskapen hennar. Ingrid Sponheim vart funnen ugild i saka. Anders Kr. Oppheim tok plass som vara. Lars H.Ljone ba heradsstyret vurdera gildskapen hans. Heradsstyret fann Lars H. Ljone gild i saka. Eva K. Dahl ba heradsstyret vurdera gildskap hennar. Ho vart funnen gild i saka.

Framlegg frå Venstre:

Punkt. 8. Endra frå bør undersøkjast til skal undersøkjast.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg med endringsframlegg frå Venstre vart samrøystes vedteke.

HST-003/13 SAMRØYSTES VEDTAK:

Ulvik herad er i utgangspunktet positiv til konsesjonssøknaden for Vambheim kraftverk, med utnytting av fallhøgda mellom kote 185 og 20 i Vambheimselvi. Utbygginga vil ikkje få nemneverdig estetiske konsekvensar for landskapsbiletet i bygda.

Konsesjon vert tilrådd på fylgjande vilkår:

- 1) Ved konsesjon må det stillast krav til utbyggar om forskriftsmessig elvesikring, drenering og handtering av overvatn frå vassinntak til elvemunning i fjorden.
- 2) Ved bygging av Vambheim kraftverk må Ulvik herad stille strenge krav til drikkevasskvalitet for abonnentane til Vambheim vassverk jf. Drikkevassforskrifta. Heradet kan om naudsynt krevja vassverket nedlagd og at abonnentane koplar seg til det kommunale Ulvik Vassverk. Utbyggar må dokumentere vasskvaliteten før, under og etter utbygning, og det må takast oppfølgjande vassprøve minst 1 år etter ferdigstilling av anlegget.
- 3) Tilkomstveg til kraftstasjonen må innarbeidast i plan. Leigeavtaler, grunneigar forhold og reguleringsplanstatus for heile Gjelet bør evaluerast før utbygginga setjast i gang.
- 4) Kartgrunnlaget til søknaden må oppdaterst med klare skilje mellom kommunale vegar, skogsbilvegar og traktorvegar, -sleper og stiar etc.
- 5) Mellombels anleggsveg skal fjernast etter anleggsperioden. Kulturlandskapstrekk må i vare takast.
- 6) Søknadens eigarliste og beskriving av eigarforhold må oppdaterast i høve til nye eigarar på gnr. 65 bnr. 1.
- 7) Det er tvil om førekomsten av sjøaure over kote 20. Det er uheldig, og må avklarast før konsesjon vert innvilga. Anadrom strekning skal ikkje byggast ut.
- 8) Fauna generelt og flora i dei vanskelegast tilgjengelege parti skal undersøkjast betre før konsesjon gis.
- 9) Minstevassføringa bør baserast på miljøfaglege vurderingar (miljøbasert minstevassføring). Føre-var-prinsippet må leggjast til grunn.

- 10) Det bør stillast krav om avbøtande tiltak i høve til anadrom fisk i elva. Utlegging av gytegrus og etablering av eit mini klekkeri er aktuelle tiltak. Graving/inngrep i elva må skjer på ein tid av året når det gjer minst skade på ungfisk og rognkorn.
- 11) Utbygginga må vurderast i høve til samla belastning på det akvatiske økosystemet rundt heile Ulvik pollen og indre delar av Hardangerfjorden. Allereie utbygde vassdrag og nært føreståande konsesjonshandsamingar må takast med i vurderinga.
- 12) Utbygging i Vambheimselva skal ikkje reduserar mogelegheitene for lokalisering av ein genbank/klekkeri for anadrom fisk i området rundt Køylabukti.